

Bergen Kommune Plan- og bygningsetaten
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato	22.03.2024
Vår referanse	2022/68565-17
Dykkar referanse	PLAN-2022/20708-79
Sakshandsamar	Sigrid Næsheim Bjercke
E-post	Sigrid.Nesheim.Bjercke@vlfk.no
Telefon	96221084

Trekking av motsegn til reguleringsplan for Skjenhaugane - gnr. 22 bnr. 874 - Fyllingsdalen - Bergen kommune

Vi viser til brev om justert plan forslag for gnr. 22 bnr. 874 - Skjenhaugane - Fyllingsdalen datert 05.03.2024

Vestland fylkeskommune har vurdert endringane ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til offentleg høyring i brev av 26.08.2023.

Vurdering

Det er positivt at planområdet er utvida og legg til rette for offentleg gangsti rundt tjernet og mellom Lauvåstjørna og Ørnahaugen.

Trekking av motsegn

Ved offentleg ettersyn hadde Avdeling for infrastruktur og veg (INV) motsegn til planforslaget på bakgrunn av at omsynet til trafikktryggleik og framkomst for mjuke trafikantar på og langs fylkesveg 5362 Spelhaugen ikkje var tilstrekkeleg gjort greie for og ivaretatt. INV si vurdering er at utarbeida dokumentasjon og endringar etter offentleg ettersyn gjer godt greie for og ivaretar omsynet til trafikktryggleik og framkomst på fylkesveg 5362 Spelhaugen og i kryss med Barliveien. Avdeling for infrastruktur og veg vil på denne bakgrunnen trekke motsegn til planen.

Endringane på avgrensa høyring og som gjeld fylkesveg er:

- Det er utarbeidd trafikkanalyse som gjer greie for nyskapt trafikk og som gir eit godt grunnlag for å vurdere løysingane i plan og føresegnar, i tillegg til å peike på moglege tiltak som ligg utanfor plan etter pbl å løyse.
- Det er utarbeidd tekniske planar for kryss mellom fylkesveg 5362 Spelhaugen og Barliveien (C-teikningar) for både regulert situasjon i gjeldande plan 64050000 (Bybanen), og for tilpassing til dagens situasjon dersom Skjenhaugane vert bygt ut før Bybanen.
- Plan og føresegnar sikrar opparbeiding av trafikksikre løysingar for krysset Barliveien/ Spelhaugen dersom Skjenhaugane vert bygt ut før gjeldande plan 64050000 (Bybanen). Jf. føresegnsområde #8 og § 5.1.8.
- Rekkefølgjekrav for utbetring av krysset Spelhaugen/Barliveien og Barliveien er endra frå «før brukstillatelse» til «før igangsettelsestillatelse», slik at trygg framkomst for mjuke trafikantar er betre sikra i anleggsperioden. Jf. føresegnene § 6.1.8.
- Tiltak på fylkesveg er sikra i § 6.1.1 om godkjenning av tekniske planar, og i § 6.1.8 som stiller krav om gjennomføringsavtale med fylkeskommunen.

Kommunen har etter offentlig høyring av planen teke initiativ til god dialog om vegløyningane i planen. Vi vil likevel minne om at motsegn kunne vore unngått dersom dialogen vart oppretta før planforslaget kom på høyring.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har vurdert justert planforslag for Skjenhaugen.

Det er positivt at reguleringsplanen no legger betre til rette for og sikrar gangsamband til sentrum og offentlig sti for nærtur og rekreasjon.

Endringane etter offentlig ettersyn gjer godt greie for og ivaretar omsynet til trafikktryggleik og framkomst på fylkesveg 5362 Spelhaugen og i kryss med Barliveien. Vestland fylkeskommune ved Avdeling for infrastruktur og veg, trekker på denne bakgrunnen motsegn til planen.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Sigrid Næsheim Bjercke
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamar - INV – infrastruktur og veg – Guro Steine